



4 av dei 5 i det nye styret: Johannes Feet, Anbjørn Høivik, Andreas Kristoffersen og Frode Stensletten. Tor Jarle Kjærland var ikkje på møtet.

**Johannes Feet tok ikveld attval som leiar av Uskedalen Grunn- og Elveeigarlag medan Andreas Kristoffersen og Tor Jarle Kjærland vart nye i styret. Anbjørn Høivik og Frode Stensletten var ikkje på val. Det er 42 medlemmer i laget etter at også Magne Huglen har slutta seg til med Dønhaughølen, Elva er ikkje bærekraftig og hovudsaka i årsmøtet var korleis ein kan og bør begrensa fisket. Kortprisen på 200 kroner døgnet vart uendra frå i fjor då det var ein auke frå 150 kroner. Men det vart gjort fleire justeringar.**

Ein var at det vert tillete med 1 fisk pr. døgn og 5 i sesongen. Det vert eit tak på 10 selde fiskekort i døgnet. Det vert innført forbod mot det som kallast catch & release og det vert skjult på nettet kor fisken er fanga. Døgnbegrensning vert fjerna for grunneigarane. Årsmøtet var sterkt oppteke av at dei skal få utnytta fiskeretten sin.

Av årsmeldinga gjekk det fram at det har vore ein kraftig nedgang i talet på oppdrettsfisk som er fanga. Talet var berre 3. Talet på observert laks var 94 med ein eggteheit på 1,6 og talet på observert aure var 164 med ein eggteheit på 1,3. Det vart fanga 326,5 kilo fisk i fjor.

- Vi har hatt ynskje om meir kontroll på opptaket og det har vi lukkast godt med, kommenterte leiaren. For at eit vassdrag skal vera bærekraftig må det liggja over 2 i eggteheit og det gjer ikkje Uskedalselva.

Styremedlem Anbjørn Høivik hadde denne kommentaren om

situasjonen:

- Ein kan vera uroleg for elva, men det er inga krise. Difor må vi ikkje overreagera. Vi må også tenkja på omdømmet vårt utad og ikkje gjera for mykje på stutt tid.

Rekneskapen for i fjor synte eit overskot på 28 120 koner mot 44 514 året før. Fiskekortsalet ga ei inntekt på 38 239 mot 50 300 i 2012. Laget har no 204 351 kroner i banken. Ei uløyst sak som var oppe i møtet var plastringa av elva på Feet.

TEKST, FOTO OG NETT: Ola Matti Mathisen



Også Magne Huglen er no med i laget. Her er Dønhaughølen.